

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 8. desember 2021

Instituttrådsmøtet vart gjennomført som digitalt møte.

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Ingunn Lunde, Øyvind Gjerstad, Kevin McCafferty og Huiwen Zhang.

Frå gruppe B: Ida Vikøren Andersen.

Frå gruppe C: Ingvild Nilssen.

gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg, Jihad Ammar Al-Mahdi.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart godkjende. Lunde peikte på at sakspapira til den viktige sak 4 kom ut kort tid før sjølve møtet.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 8. september 2021.

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Instituttleiar McCafferty orienterte om utlyste faste og mellombelse stillingar ved instituttet:
- Administrasjonen: Eittårsvikariat for studiekonsulent Ingvild Nilssen er lyst ut med søknadsfrist 13.12. Christine Bresil byrjar i fast stilling som administrasjonskonsulent 1. februar 2022.
 - Arabisk: Vi ventar på godkjenning av komitérapporten for den faste stillinga på Nettarabisk (30 prosent).
 - Engelsk: Den innstilte kandidaten har fått tilbod om prosjektstillinga for å utvikla læringsstøtte til studentane (25 prosent stilling i 2022), vi ventar dessutan på rapporten frå sakkunnigkomiteén for den faste førsteamanuensisstillinga i amerikansk litteratur, og framlegg til sakkunnigkomité er sendt over til fakultetet for den utlyste forskarstillinga på REVISION-prosjektet. Jacopo Romoli har sagt opp stillinga si ved UiB; det er førebels ikkje avklara om vi får lysa ut stillinga etter han, men vi reknar med å få vikarmidlar i 2022.
 - Fransk: Stilling som vitskapleg assistent på CLIMLIFE-prosjektet er lyst ut med søknadsfrist 23. desember (50 prosent stilling i 19 månader), faget har dessutan ledig ei mellombels stilling som vitskapleg assistent med auka studentmobilitet som arbeidsfelt (15 prosent stilling), og den mellombelse stillinga knytt til fransktilbodet på Kfk er hjå den sakkunnige komiteen.
 - Russisk: Det utlyste vikariatet for 2022 (20 prosent våren, 50 prosent hausten) er hjå den sakkunnige komiteen
 - Spansk: Det utlyste vikariatet på språkdisiplinen (50 prosent heile 2022) er hjå den sakkunnige komiteen.
 - Stipendiatstillingar: Instituttet arbeider med å få på plass ein komité for dei fem utlyste stillingane.
- b) Administrasjonssjef Uthaug gjorde greie for dei nye reglane for finansiering av etter- og vidareutdanning. Endringane gjeld ikkje for gratistilboda våre (som fjernundervisninga på det

ordinære 100-nivået), heller ikkje for kurs som er fullfinansierte av eksterne (som Kompetanse for kvalitet). Derimot får endringane konsekvensar for kursa med studentbetaling, dvs. Nettarabisk og det som er att av det gamle Nettpansk-tilbodet. På desse kursa må vi anten justera ned betalinga til maks 25 prosent av kostnadene, og då blir inntektene våre kraftig reduserte, eller studentane må dekkja 100 prosent av dei fulle kostnadene med kursa, og då blir tilboda svært dyre for studentane. Instituttet er i dialog med fakultetet og UiB Vidare om saka.

- c) Fakultetet har varsla budsjettkutt for 2022 og at den samla ramma for driftsbudsjetta ved institutta vert redusert med kring 2 millionar. Dette vil få konsekvensar for IF, og vi vil m.a. få mindre midlar å disponera til vikarar og timelærarar. Vi reknar likevel med å få øyremerkte midlar til undervisningsassistentar også i 2022.
- d) Instituttleiar McCafferty orienterte om arbeidet med å finna ny instituttleiar, der vi reknar med å få vita resultatet før jul.

Sak 4 – Bemanningsplanen for vitenskaplege stillingar ved fakultetet

Fakultetet har varsla ein prinsipiell diskusjon om premissane som ligg til grunn for bemanningsplanen for vitenskaplege stillingar ved fakultetet. Forventninga om knappare ressursar er ein viktig del av bakgrunnen for denne saka. Instituttet reknar med å få eit brev frå fakultetet med nærare orientering om prosessen vidare. Instituttrådet ønskjer ein brei og god prosess ved instituttet i denne saka. Arbeidet med premissane for bemanningsplanen vil koma opp igjen allereie på det første rådsmøtet i januar 2022.

Uthaug viste til saksframlegget i fakultetsstyresaka om bemanningsplanen (7.12.21, sak 86/21): Faga ved IF scorar svakt på nokre av dei sentrale resultatkrava (t.d. studiepoeng per tilsett), og vi møter ei oppfatning av at enkelte fag har for mykje undervisning. Uthaug rekna med at m.a. spørsmål om å leggja ned fag eller avvikla masterstudium kan koma opp. Samstundes er det gledeleg at IF-faga som tilbyr kombinert campus- og fjernundervisning på 100-nivå har ein klar vekst i studiepoeng i 2021. Vidare såg Uthaug det som positivt at fakultetet vil arbeida med ein felles standard for kor mykje undervisning studentane skal få på emne på ulike nivå - så sant ein slik standard tek omsyn til dei ulike faga sin eigenart. Hovden lurte på kva retning fakultetet er interessert i å styra prosessen med bemanningsplanen. Han streka under at instituttet må vera i fremste rekkje i denne prosessen, og at det trengst ein ryddig prosess internt ved instituttet. Ein vidare krins enn berre instituttrådet må trekkjast inn i denne drøftinga. McCafferty peikte på at fakultetet ønskjer å tenkja langsiktig i arbeidet med bemanningsplanen sidan vitenskaplege tilsetjingar legg føringar for dei neste 20 til 40 åra.

Lunde streka under at det er viktig å skapa forståing for framandspråka sin natur, kanskje særleg sidan det for tida ikkje sit nokon frå våre fag i dekanatet. Arbeidet med bemanningsplanen kan òg løfta medvitte hjå oss sjølve, t.d. i spørsmålet om kva instituttet gjer for å styrka publiseringa. Lunde minna òg om at ikkje alle faga er representerte i det nye instituttrådet, men alle faga må trekkjast med på ein god måte i prosessen med bemanningsplan. McCafferty peikte på at instituttet nok ikkje har jobba så mykje direkte med å heva publiseringa, men det har vore jobba mykje med å få fram fleire søknader om eksternfinansiering. Studiepoengproduksjonen peikar òg i rett lei på fleire av faga våre. McCafferty meinte òg ein kan kutta ned på fleire av dei administrative oppgåvene som fell på dei vitenskaplege, for å rydda betre tid til undervisning og forskning.

Kevin McCafferty
Fungerande instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef